



Jurgita har no vore uskedeling i 9 år.

- Heilt fint, svarar Jurgita Zemaitaitiene (32) når uskedalen.no spør henne korleis ho ser på valet som styremedlem i Uskedal utvikling. Det var eit historisk val som kan karakteriserast som eit handslag til våre nye landsmenn. Og det var eit val av ei kvinne som i høgste grad har vist at ho har klart å skape seg ei ny framtid i vårt land etterat tilhøva i heimlandet Litauen ga for lite utkomme. Typisk nok kaprar vi Jurgita når ho vaskar dei nyrenoverte lokala til Byggeriet på Brekkeskroa. Stutt tid etterpå set ho kursen mot Husnes og neste vaskeoppdrag og fortel at ho kjem ikkje heim før til kvelds.



Jurgita, Arunas og Saule for 5 år sidan

Jurgita kjem frå Taurage som ligg tett både på Østersjøen og den russiske enklaven Kaliningrad. Det er ein by som i likheit med så mange andre i Baltikum har opplevd mye dramatisk gjennom historia. No bur det 25 000 der. Jurgita kom til Uskedalen for 9 år sidan. Ho starta service- og byggjefirmaet LAN saman med mannen Arunas Zemaitaitis (42) og ein slektning av han og dei har ikkje mangla oppdrag. Så har dei da også marknadsført seg tett i lokalpressa.

For 2 år sidan kjøpte dei huset på Brekketoppen som dei inntil då hadde leigd delar av og starta kafeen SAJA. Dei hadde registrert at Uskedalen hadde trong for ein serveringsstad og satsa på mange rettar og eit velsmakande tilbod. Kvaliteten har vore høg.

Diverre er det ikkje så mange som ynskjeleg som har satsa på middag på SAJA. Kafeen har nok ikkje hatt den suksessen som Jurgita og Arunas vona og i den seinare tid har han ikkje vore ope. Men Jurgita slår fast overfor uskedalen.no at dei slett ikkje har kasta inn handkleet.
- Vi kjem att med tilbodet vårt til sommaren når det er varmare i veret, lovar ho.

Om vervet i UU-styret veit ho førebels for lite til å meine noko om kva ho han få ut av det. Men ho ser fram til det første styremøtet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen